

The logo for UngINN, featuring the word 'UngINN' in a white, stylized font. The letters are outlined, and the 'U' and 'N' have a wavy, cloud-like bottom edge. The background is a vibrant purple-to-pink gradient with silhouettes of a crowd at a concert.

UngINN

Kva er UngINN?



Innlandet
fylkeskommune

UngINN er ei ordning for ungdom mellom 13 og 21 år i Innlandet, som gjev prisreduksjon på ulike kulturtilbod i heile fylket. UngINN blir driven av Innlandet fylkeskommune ved Seksjon for kunst og kultur (Kulturavdelinga).

Føremålet med UngINN er å gjere det enklare og billigare for ungdom å nytte seg av kulturtilbodet i Innlandet, som konsertar, kino, sceneførestillingar og andre kulturtilbod. Vi ønskjer at så mange ungdomar som mogleg skal kunne bruke det rike kulturlivet i fylket. UngINN dekkjer mange ulike arrangement innan fleire kultursjangrar i Innlandet fylke.

Ved å delta på kulturopplevingar i Innlandet kan du oppleve noko nytt, møte vener og utvikle andre interesser.

"UngINN gjer det lettare for ungdom i Innlandet å kome seg ut! Ikkje berre kan kultur vere moro og spanande! Det er sunt, lærerikt, inspirerande og mykje, mykje meir!"

Kim (15 år), UngINN



Slik bestiller du UngINN

UngINN er eit fysisk og digitalt kort som er gratis å bestille på www.unginn.no

Ved bestilling av UngINN-kort, vil kortet bli sendt heim til deg. Vi gjer merksame på at det kan ta noko tid før kortet er i postkassa di.

Du mottar ei kvittering der du finn det digitale UngINN-kortet. Dette kan du ta i bruk med ein gong på mobilen din.

Når du brukar UngINN-kortet, må du vise legitimasjon.

SoMe

UngINN er på Instagram og Facebook, og har ungdom som driftar SoMe. Følg oss gjerne.

